



Dei det gjeld

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/346 - 17/2891

Saksbehandlar:
Helge Kvam
helge.kvam@meland.kommune.no

20.02.2017

Heiltidskultur - kartlegging innan heimetenesta og sjukeheim 2017

Meland kommune ønskjer å legge til rette for arbeidstilhøve som mellom anna sikrar kvalitet på tenesteyting i eit brukarperspektiv, samt bidrar til rekruttering av tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft.

Vurderingar og strategiar knytta til heiltidskultur vert her sentrale. Ein viser til sentral samarbeidsavtale mellom KS, Fagforbundet, Delta og Norsk sykepleierforbund og gjeldande «Handlingsplan for heiltidskultur 2015-2017».

Som ledd i arbeidet med å kontinuerleg søkje tenlege tiltak som kan bidra til heiltidskultur i Heimetenesta og ved Meland sjukeheim, ønskjer vi no å invitere deg til ei kartlegging av stillingsstorleik hjå fast tilsette. Denne undersøkinga er imidlertid kun ei kartlegging, og vil ikkje automatisk kunne gje deg høgare stillingsprosent. Du må i tillegg aktivt søkje på ledige stillingar.

Siste kartlegging om tema vart utført i 2013.

Vedlagt finn du eit spørreskjema som vi set stor pris på at du fyller ut og returnerer til din tenesteområdeleiar enten per mail eller i papir - Britt.Romarheim@meland.kommune.no eller Randi.r.Minde@meland.kommune.no .

Kartlegginga vert gjennomført i **perioden 21/2 – 2/3 2017**.

Om du har spørsmål til kartlegginga ta kontakt med din tenesteområdeleiar.

Med helsing
Helge Kvam
rådgjevar pleie og omsorg og sosial

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Heiltidskultur - spørjeskjema til fast tilsette i deltidstilling innan heimetenesta og sjukeheim versjon 20.02.17

Kopi til:

Britt Hilde Romarheim

Randi Rotevatn Minde

Mottakere:

Dei det gjeld